



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Mads Munkejord, 5557 2383

Vår dato  
17.01.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/1998 350  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Forsterka ekom - oppdatert oversikt over prioriterte område i kommunane

I samband med prosjektet «Forsterket ekom» i regi av Nkom (dåverande PT) og DSB, melde alle kommunane i Hordaland (med nokre unntak) i 2014 inn prioritert(e) område i kommunen for forsterka ekom. Frå styresmaktene si side er målsettinga at det i prioritert rekkjefølgje i alle kommunar skal etablerast eitt (ev. fleire) område kor lokal kriseleing, og befolkninga elles, skal kunne nytte eigen mobiltelefon (tele og datatrafikk) for å gje og ta imot beskjedar ved eit straumutfall «over lengre tid» (minimum 3 døgn). Utbetringstiltak for å oppnå dette kan t.d. vere etablering av faste naudaggregat og batteribankar, mobile aggregat, nye radiolinjer og fibertrasear.

Per i dag er forsterka ekom meir eller mindre ferdig etablert i 7 kommunar på landsbasis (ingen i Hordaland). Vidare er forsterka ekom under etablering/planlegging i 15 kommunar (inkl. Austevoll), medan det er føreslått realisering i ytterlegare 18 kommunar (inkl. Bømlo og Meland). Progresjonen i dette arbeidet vidare er avhengig av framtidige løyvingar over stasbudsjettet.

Nkom ønskjer i samband med prosjektet eit oppdatert oversyn over prioritert(e) område i kommunane for å velje ut komande kommunar for utbetring.

«Området» i kommunane skal – ifølgje Nkom – veljast ut med bakgrunn i lokalisering av:

- Kommunens kriseleing
- Kommunens pårørandesenter
- Kommunens mediasenter
- Kommunesenter
- Sentrale knutepunkt for veg, ferje, drosje, overnatting, daglegvare
- Ev. som spesifisert i kommunens beredskapsplan ved bortfall av ekom

Vidare må kommunane i utgangspunktet berre melde inn område innanfor dekningsområdet til allereie eksisterande basestasjonar.

Utbetringa i kommunane vil gjennomførast i prioritert rekkjefølge med utgangspunkt i sårbarheit (og budsjettmidlar). Kommunane vil verte prioritert med utgangspunkt i

- Sårbar strauminfrastruktur
- Vêrutsett plassering
- Vêrutsett ekom-infrastruktur
- Risiko for isolasjon
- Ev. anna (t.d. vatn og avløp)

Vedlagd dette brevet er lista over utvalde område i kommunane i Hordaland som Nkom sit med i dag. Me ber dykk sjå over lista og revidere områda ved behov. Me ber dykk i alle tilfelle om å fylle ut tilleggsspørsmåla som er lagd inn i reknearket knytte til kriteria over. Viss kommunen har meldt inn, eller no melder inn, fleire område, ber me om at områda vert prioritert av kommunen. Med ønskjer at reknearka vert returnert i Excel-format (ikkje t.d. pdf.).

Me ber om tilbakemelding til Fylkesmannen så raskt som mogleg og seinast innan 27. januar 2017.

Med helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Mads Munkejord  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*